

Kronikk & debatt



OVERHØRT

De kunne skiftet ut hele laget og likevel vunnet. De kunne gått baklengs og likevel vunnet.

Aftenpostens sportsjournalist Erlend Nesje om det norske laget i Ski-VM

Hvis unge lytterne finner ut at de kan ha et fint liv uten NRK, vil de ikke da også bli trettiåringer og førtiåringer som også har et fint liv uten NRK? Kan vi virkelig ha det slik?

Inger Merete Hobbestad på NRK

Folk lever fortsatt i den lykkeboblen etter gjenåpning. Og så bare plutselig blir ting så sykt dyrt. Men man fortsetter å leve i den lykken da.

Ingrid Sestøl (25) til VG

Gamle [i Pakistan] kan dø av alt, men ikke ensomhet. Før jeg kom til Norge var jeg ikke klar over hvor giftig ensomhet, den usynlige dreperen, er.

Sykepleier Shanzeh Humair i avisa Oslo

Lag så mange barn at du ikke rekker å følge opp alle!

Sanna Sarromaa med velment oppfordring, i VG

Bor du sør i landet, kan det hende at du tror at Fosen-saken handler om et spesifikt vindkraftanlegg i Trøndelag. For mange i Nord-Norge handler den om hele strømmettet.

Maja Sojtaric på Nordnorsk debatt

DELTA I DEBATTEN

Ønsker du å bidra til debatten? Vi har flere flater i avisa for innsendte tekster. debatt@klassekampen.no

Kronikk: Maks 5000 tegn med mellomrom.
Debatt: Maks 3000 tegn med mellomrom.
Replikk/kort innlegg: 1000–2000 tegn.

Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg. Innsenderens epostadresse inkluderes med mindre man reserverer seg mot dette. Klassekampen honorerer normalt ikke innsendt stoff. Vi trykker kun innlegg som sendes eksklusivt til oss. Alt som trykkes i papiravisa publiseres også på klassekampen.no.

KRONIKK

Er Sannings- og forsoningskommisjonen budd på å ta det første store oppgjeret med kolonialiseringa av samiske område?

Kommisjon i knipe



ILLUSTRASJON: KNUT LØVÅS, KNUTLVAS@GMAIL.COM

I dag, 6. mars, inviterer Sannings- og forsoningskommisjonen til avsluttende høyringsmøte i Stortinget for å be om framlegg til forsoningstiltak. Da bør dei tolv kommisjonærane med Dagfinn Høybråten i spissen vere førebudde på innspel om det folk flest er opptekne av. Det er difor vanskelig å sjå for seg at kommisjonen kan komme seg unna Fosen-saka.

Engasjementet og harmen til demonstrantane som blokkerte inngangen til fleire departement den siste veka, er rettmessig. Over 500 dagar har gått sidan Høgsterodt slo fast at vindparken midt i reinbeiteområde i Fosen strir mot urfolk sin rett til kulturutøving. At dommen har blitt ståande utan konsekvensar er ei hån mot rettsstaten og mot samefolkets rettigheter i fylgje folkeretten. Kravet til demonstrantane er at vindturbinane må ned. Innromminga og unnskylldninga frå Gahr Støre om at Fosen-saka er eit pågåande menneskerettsbrot sat langt inne, og var heilt nødvendig for at protestane skulle gå inn i ein ny fase. Aktivistane, med Ella Marie Hætta Isaksen i spissen, har ikkje tenkt å gje seg før dei får eit ordentleg svar. Mange har med rette dratt

parallellar mellom Fosen-saka og Alta-saka i 1979. I all hovudsak er problemet akkurat det same: Staten sin kontroll over naturressursar og økonomisk vinning i nord står mot samane sin rett til kulturutøving.

36 interesseorganisasjonar har meldt seg på Sannings- og forsoningskommisjonen sitt høyringsmøte. Blant dei er tunge aktørar som Sametinget, Ruijjan Kvääni-liitto/Norske kveners forbund, og Skogfinneforeningen. Det er også ei rekke mindre interesseorganisasjonar, utdanningsinstansar, og kulturinstansar på deltakarlista. Dei som ikkje er fysisk til stades, er inviterte til å komma med skriftlege innspel om forsoningstiltak til Kommisjonen. Møtet vil også bli strømmet på YouTube.

Det som utspelar seg i Stortingssalen i dag kan bli utslagsgjevande for kva som vil stå i sluttrapporten som Kommisjonen skal overrekke Stortinget i juni. Men det er ikkje sikkert. La meg prøva å forklara kvifor.

Ved å be sivilsamfunnet om innspel til forsoning vil Kommisjonen sikra legitimitet og prøva å syrgje for at dei anbefalingane han kjem med i sluttrapporten, vil bli tatt på alvor av både hovudmålgruppene

til kommisjonen – samar, kvenar, norskfinnar og skogfinnar – men også av nordmenn flest. Det å leggja seg på ei så open og demokratisk linje er særst positivt og tvingande nødvendig. Men det kan også setta kommisjonen i ein utilsikta farleg skvis.

Ved å be om offentlege innspel syrgjer kommisjonen for at han ikkje gløymer eller overser viktige saker og synspunkt. Å lytta til grupper råka av fornorskingspolitikken og få dei til å kjenna seg sett og tatt på alvor, vil vera med på å sikra legitimiteten til kommisjonen. Ein open innspelsprosess er vidare med på å gje Kommisjonen ein plass som deltakar i det offentlege rom – som igjen er eit ledd i å sikra legitimitet.

I løpet av dei tre siste åra har Kommisjonen halde ei lang rekke opne møte rundt omkring i heile landet, der dei har lytta til folk. Denne arbeidsmetoden har vore viktig for Kommisjonen for å få til demokratisk forankring. Men i global samanheng er han ikkje særleg vanleg.

Det vanlegaste er den «lukka modellen», der sanningskommisjonar (som det finst mellom 40 og 70 av på verdsbasis) baserer dei avsluttande anbefalingane sine berre på tidlegare innsamlar materiale, utan å konsultera sivilsamfunnet. Endåtil Colombia, som kanskje har hatt den breiast forankra sanningskommisjonsprosessen i verda, saman med den sørafrikanske, valde ein lukka strategi då kommisjonen

skulle skriva anbefalingane sine i sluttrapporten i fjor.

Kva er så utfordringane ved å velja ein «open» strategi, slik vår seg på ei så open og demokratisk linje er særst positivt og tvingande nødvendig. Men det kan også setta kommisjonen i ein utilsikta farleg skvis.

Ved å be om offentlege innspel syrgjer kommisjonen for at han ikkje gløymer eller overser viktige saker og synspunkt. Å lytta til grupper råka av fornorskingspolitikken og få dei til å kjenna seg sett og tatt på alvor, vil vera med på å sikra legitimiteten til kommisjonen. Ein open innspelsprosess er vidare med på å gje Kommisjonen ein plass som deltakar i det offentlege rom – som igjen er eit ledd i å sikra legitimitet.

Poenget her er at når ein kommisjon fyrst har fått ei rekke innspel til konkrete forsoningstiltak, vil det kosta å velja dei vekk – det å utelata innspel frå somme interessegrupper kan få ein negativ innverknad på legitimiteten til kommisjonen. Eit anna problem er at innspel ikkje nødvendigvis er i tråd med funna til kommisjonen elles, og gjerne heller ikkje i tråd med mandatet han har.

Dette vert Kommisjonen noydd å forhalde seg til. Mandatet til kommisjonen er eigentleg retta mest

inn mot fornorskingspolitikken og dei negative konsekvensane denne har hatt for språk og kultur. Men det som har segla opp som den store saka medan Kommisjonen har jobba for fullt, er den pågåande kolonialiseringa av områda i nord.

I Fosen-saka er dette sett på spissen. For å sitera Greta Thunberg: Dette er eit døme på grøn kolonialisme. Det er ikkje sikkert Kommisjonen var budd på å få dette i fanget då han starta arbeidet sitt i 2018. Men Kommisjonen, som er oppretta av den same staten som framleis utøver overgrep overfor urfolket, kan stå i fare for å missa legitimitet viss han ikkje steller seg til striden om land og vatn på ein måte som vert oppfatta som legitim og konstruktiv.

Ein ting er sikkert: Sjølv om demonstrantane ikkje lenger sperrar dørene til departementa i regjeringskvartalet, så kjem Fosen-saka og alt det ho symboliserer av historiske og pågåande overgrep mot Noregs urfolk vera eit viktig tema når kabalen om anbefalingar til forsoningstiltak skal leggast.

Eg tippar Kommisjonen i skrivande stund hadde ønskt at dei hadde hatt med seg ein sterk folkerettsjurist på laget.

Elin Skaar
Seniorforsker,
Chr. Michelsens Institutt
Elin.Skaar@cmi.no



VELFERD

Fremtidens velferdssystem

I Klassekampen 3. mars hevder Linn Herning at jeg ikke vil diskutere sak. Det stemmer ikke. Jeg har diskutert offentlige og private velferdstilbud i noen tiår.

Jeg har også noen synspunkter på Avkommersialiseringsutvalget, som Herning er medlem av. Jeg mener at mandatet er uheldig og lite passende for en offentlig utredning. Dersom regjeringen allerede vet at den vil fase ut alle kommersielle tjenestetilbydere, kan den bruke departementet til å finne ut hvordan det bør skje.

Det er også uheldig at mandatet fremstår som selvmotsigende. I mandatet heter det både at «formålet med utvalget er å utrede hvordan kommersiell drift kan utfases», og at utvalget «skal utrede styrker og svakheter med dagens organisering», der det fortsatt er kommersielle aktører.

At mandatet er blitt såpass sprikende, skyldes antagelig at det er et slags kompromiss mellom SV og regjeringspartiene, etter at de først var enige om et annet mandat. Andre hevder at mandatet er blitt til på en illegitim måte, ved at noen har sneket inn en setning. Det høres konspiratorisk ut, men det bør være lett å avklare ved å spørre oppdrags-

giver, som er regjeringen. Skal setningen være med eller ikke?

I mandatet heter det for øvrig også at utvalget skal gjennomføre arbeidet i henhold til Utredningsinstruksen. Det er vanskeligere, jo mer lukket mandatet er. Og det ville selvsagt vært like vanskelig, enten premisset er at all velferd skal avkommersialiseres eller kommersialiseres.

Et bedre og mer åpent mandat kunne tatt utgangspunkt i det alle er enige om, nemlig at hele befolkningen skal ha likeverdig tilgang til offentlig finansiert velferdstjenester av høy kvalitet. Utvalget kunne blant annet fått i oppdrag å se på hvor-

dan vi kan utnytte ressursene best mulig for å nå dette målet, og hvordan ulike velferdssektorer kan reguleres. Det kunne lagt grunnlaget for en bedre og mer faglig debatt, som igjen kunne dannet grunnlaget for en politisk debatt og kanskje også noen brede politiske forlik om fremtidens velferdssystem.

Alt dette kan vi fortsatt diskutere, men det forutsetter at Herning ikke fortsetter med å gjengi mine meninger feil.

Kristin Clemet
Leder i Civita
clemet@civita.no

FORSVARET

Er det en voldtektskultur i Forsvaret?

I en kommentar i Klassekampen 3. februar peker Asta B. Håland på en rekke utfordringer i Forsvaret knyttet til seksuell trakassering. Mange av poengene er gode, og Forsvaret erkjenner at vi ikke har gjort nok for å forebygge seksuell trakassering og uønskede hendelser. På ett punkt synes det likevel som om Håland tar seg hardt i. Hun hevder at det er en voldtektskultur i Forsvaret.

«Påstanden synes noe urimelig»

Forsvaret startet 2018 en omfattende undersøkelse om mobbing og seksuell trakassering. I 2020 svarte 10118 på undersøkelsen. 30 personer av de 10118, som tilsvare 3 promille, svarte at de hadde vært utsatt for voldtekt. Det synes vi i Forsvaret er et høyt tall. Vi erkjenner at Forsva-

ret skulle gjort mer for å hindre at dette kan ramme våre ansatte og vernepliktige. Det er helt uakseptabelt og forkastelig at voldtekt skjer hos oss.

En nylig publisert undersøkelsen fra NKVTS viser at 22 prosent av alle norske kvinner har blitt voldtatt. I Studentenes Helse og Trivselsundersøkelse (SHoT) for 2022 svarer 5,2 prosent av studentene at de har blitt voldtatt. Selv om vi i Forsvaret anser tallet 0,3 prosent tilfeller hos oss som høyt, kan dog påstanden fra Håland om en voldtektskultur i Forsvaret synes noe urimelig.

Per Espen Strand
oberstløytnant
Per-Espen.Strande@fd.dep.no

